

Emne:	<b>Møte med sekretariat for kontrollutvalet- prosjektrekneskap for fylkesvegar</b>	
Til stades:	Frå sekretariat for kontrollutvalet: Hogne Haktorson, Roald Breistein Frå samferdselsavdelinga: John Martin Jacobsen, Bente Utne Frå økonomiavdelinga: Nils Egil Vetlesand, Karl Viken Frå Statens vegvesen: Kari Beate Rong	
Møtetid:	19.01.18 klokka 9 - 9.50	Møtestad: Fylkeshuset 826

Møteleiar: John Martin Jacobsen

Referent: Bente Utne

#### Bakgrunn

Samferdselsavdelinga hadde innkalt til møtet for å drøfta innstillinga frå kontrollutvalet til fylkestinget i sak PS 140/2017, punkt 3, som lyder slik:

*Å tydeleggjere behovet for gode totalprognosar ovanfor Statens vegvesen som Sams vegadministrasjon, og avklarar korleis slik rapportering best kan kome på plass. I dette ligg at prosjektrekneskap skal reviderast og leggjast fram for kontrollutvalet, tilsvarende som prosjekt frå eigedomsavdelinga.*

Den første setninga var i samsvar med innstillinga frå sekretariatet og rapporten til Deloitte. Den siste setninga kom som tillegg etter sams drøfting i kontrollutvalet.

Sekretariatet opplyste om at ein i m.a. Telemark og Aust-Agder legg fram rekneskap for fylkesvegprosjekt til politisk nivå. Vidare opplyste dei at ekstern revisor Deloitte gjer denne revisjonen som ein del av rekneskapsrevisjonen, og det vil ikkje medføra ekstra kostnader for revisjon (etter dagens kontrakt).

Samferdselsavdelinga orienterte om at vi i fleire år har etterspurt sluttrapportar for større fylkesvegprosjekt hos SVV. Statens vegvesen har levert nokre få i 2017, men er generelt forseinka pga knappe ressursar. Pga av dette vart beløpsgrensa heva frå 10 mill kr til 25 mill kr. Det er drøfta om desse skal leggjast fram som melding til MISA (utval for miljø og samferdsel) og evt fylkesutvalet, men så langt er dette ikkje gjort.

#### Konsekvensar og moment som bør vurderast nøyare:

- Både økonomiavdelinga, samferdselsavdelinga og Statens vegvesen ser at om dette skulle bli vedtatt, vil det føra til eit svært meirarbeid for alle partar, og spesielt for vegvesenet. Det vil

innebera at alle prosjektrekneskap over 10 mill kr, og alle prosjekt (ikkje fastsatt nedre grense) med avvik på + - 10%, skal utarbeidast av Statens vegvesen, oversendast fylkeskommunen (samferdsel og/eller fylkeskassen), deretter reviderast av ekstern revisor, så til sekretariatet for å leggjast fram for kontrollutvalet, og tilslutt det organ som har løyvd midlane. For fylkesvegar er det i hovudsak fylkestinget.

- Vi er no i gang med samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane. Samtidig skal fylkesvegdelen av Statens vegvesen overførast til fylkeskommunen. Dette vil vera krevjande prosessar som vil ta mykje interne ressursar, i tillegg til dei daglege oppgåvane. Vidare er det kort tid fram til 1.1.20, og den nye fylkeskommunen bør vurdera rutine på området ut frå alle partar sine innspel og erfaringar. Så å endra noko på så kort sikt bør vurderast nøye, og spesielt sidan dette vil ta mykje ressursar.
- Samferdselsavdelinga understreka at det må vera ei kostnad/nytte-vurdering av dette; kor mykje ressursar krev dette, i forhold til kva gevinstar det vil gi.

#### Korleis bør dette informerast til politisk nivå?

Fylkesrådmannen har gitt sin uttale til forvalningsrevisjonsrapporten, men tillegga som kom i møtet i kontrollutvalet den 18.12.17 har fylkesrådmannen såleis ikkje fått vurdert. Dermed kan det vera naturleg å innkalla fylkesrådmannen til neste møte, og i tillegg leggja fram eit notat frå fylkesrådmannen til kontrollutvalet.

Sekretariatet opplyste at det skal vera møte i kontrollutvalet 5. februar. Her er frist 26. januar kl.9.

Ein var samd om slikt opplegg:

- Statens vegvesen utarbeider eit notat om antal prosjektrekneskap dette forslaget vil innebera, og antyding av arbeidsomfang den 22.1.
- Samferdselsavdelinga utarbeider utkast til notat med SVV sitt bidrag som vedlegg.
- Økonomiavdelinga utarbeider endeleg notat i samråd med fylkesrådmannen innan fristen.

Det blei drøfta ulike opplegg om det er aktuelt å leggja fram prosjektrekneskap til politisk nivå:

- Beløpsgrensene for fylkesvegprosjekt i så tilfelle må vera langt høgare enn dagens praksis for eigedomsavdelinga
- Å leggje fram sluttrapportane som SVV utarbeider til politisk nivå, med eller utan revisjon av ekstern revisor.